



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Levekårsutvalet	30.05.2017

Sakshandsamar:	Kultur- og aktivitetseininga	Eileen M Feste
	Arkivnr.: 16/3627	Klassering:

Kulturmiddlar 2017 - hovudtildeling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet vedtek rådmannens sitt framlegg om tildeling av kulturmiddlar 2017 – hovudtildeling.

.....

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Kommunestyret har løyvd kr 2.337.600 til *Kulturmiddelføremål* for 2017. Dette er ei auke på kr 300.000 (ca 15%) frå 2016.

Levekårutvalet vedtok i sak 14/17 «Kulturmiddlar 2017 – ramme for tildeling», følgjande ramme til fordeling;

Kategori	Ramme 2017	Ramme 2016	Auke
Idrett	831.000	715.200	115.800
Kunstformidling og musikk	613.000	512.700	100.300
Barn- og ungdom	408.000	327.500	80.500
Andre aktivitetstilbod	230.600	228.400	2.200
Kulturvern og samlingar	205.000	203.800	1.200
Avsette middlar til tildeling hausten 2017 (Aktivitet/prosjekttorskot)	50.000	50.000	0
	2.337.600	2.037.600	300.000

Auken i kulturmidlane skal styrke aktivitet retta mot barn/unge. Difor er kategoriane «Idrett», «Kunstformidling- og musikk» og «Barn- og ungdom» styrke med totalt kr 296.600.

Det er kome søknadar på totalt 5.178.489. I rådmannen si framlegg ligg det eit forslag om tildeling kr 2.220.525. Det utgjer ca 44% av den totale søknadssum. Om Levekårsutvalet følgjer rådmannen si framlegg, har dei følgjande sum igjen til fordeling hausten 2017

Avsette midlar	kr 50.000
Rest hovudtildeling	kr 67.075

Totalt rest til utdeling hausten 2017 KR 117.075

Levekårsutvalet vedtok i sak 08/14 «*Retningsliner/kriteria for tildeling av kulturmiddlar*». Dette på bakgrunn av ei større gjennomgang av eksisterande retningsline. Nye retningsliner trådde i kraft 01.02.14.

I følgje retningslina har dei kommunale kulturmidlane som målsetjing å styrke fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet. Gjennom støtte til det lokale kulturliv ønsker Lindås kommune å stimulere til utvikling av nye idear, samarbeid om eit aktivt kulturliv med mangfold, samt å gje alle høve til å oppleve kunst og kultur.

Lindås kommune informerer om kulturmidlane m/frist gjennom lokalavisa, Facebook, heimeside og epost.

Lindås idrettsråd og Lindås kulturråd har fått saka til høyring med frist 12.05.17. I svar frå Lindås idrettsråd påpeike dei mellom anna at det er eit ønskje og behov for å endre satsane for drikftstilskot. Rådmannen har på bakgrunn av dette endra satsane for ungdom under 19 år frå kr 200 til kr 240. Se elles skriv frå Lindås idrettsråd (vedlegg).

Lindås kulturråd har sendt sitt svar datert 11.05. Dei påpeike m.a. at administrasjonen bruker eit noko utdatert system for å behandle kulturmiddelsøknadane. I samband med ny kommunestruktur, er dette noko det vil bli arbeidd med. Kulturrådet er fornøgd med auke på kr 300.000, men meinar fortsatt at barn/unge er for lågt prioritert. Lindås kommune løyver kr 2.337.600 i tilskot til kulturmiddlar. Av dette er kr 1.852.000 øyremarka idrett, kunstformidling/musikk og barn/unge. Innan desse kategori finn vi store aktørar som driv aktivitet retta mot barn/unge, t.d. idrettslag, korps og liknande.

Vurdering

3800 IDRETT

Til disposisjon	kr 831.000
Rådmannens framlegg	kr 831.325

Idrett er blitt styrka med kr 115.800 frå 2016 til 2017.

Totalt er det søkt om kr 1.469.299 til drift, aktivitet/prosjekt og investeringstilskot. I rådmannen si framlegg ligg det føre eit forslag om kr 831.325. Dette utgjer ca 56,5% av totalsum der vert søkt om.

Kategori	Søkt	Rådmannens framlegg
Drift	995.000	699.825
Drift ikkje medlem av NIF	106.800	33.500
Aktivitet/prosjekt	253.499	67.000
Investering	114.000	31.000
Totalt	1.469.299	831.325

DRIFT

Drift er delt i 2, dei lag som er registrerte medlemmar i Norges idrettsforbund, og dei som ikkje er medlem.

Lindås idrettsråd representerer dei 17 medlemslag i Lindås som er tilslutta Norges Idrettsforbund. Dei søker om kr 50.000 til si drift. I rådmannen si framlegg er det eit forslag på kr 45.000. Dette er ei auke på kr 5.000 sidan 2016. Idrettsrådet har blant anna samarbeidsavtale med Lindås kommune, og har mange oppgåve gjennom året. Det kan nemnes planarbeid, deltaking i ulike fora, møteaktivitet samt å representera idretten i Lindås. Idrettsrådet delar også ut eit idrettsstipend på kr 10.000.

I rådmannens si framlegg er det foreslått kr 250 for medlemmar under 19 (auke på kr 45 pr/medlem frå 2016) år og kr 100 for medlemmar frå 19 år i driftstilskot til lag som er medlem av Norges idrettsforbund. I tillegg får dei lag som gjev tilbod innan idrettsskule og til menneske med nedsett funksjonsevne, tilskot etter tal på deltakare.

Lag som søker driftstilskot men som ikkje er medlem av Norges Idrettsforbund, er innstilt på ca 40% tilskot.

AKTIVITET/PROSJEKTTILSKOT

Nordhordland turlag

Nordhordland turlag arrangerer OPPTUR 04. mai for barn/ungdom for å oppmuntre til turar i nærområdet i Nordhordland. I tillegg til dette arrangementet, tilbyr NH Turlag helgeturar til ungdom samt BASEcamp, eit sommartilbod med fokus på vannaktivitet.

Stordalen Vel

Stordalen Vel representerer 300 hytter i Stordalen. Stordalen er eit populært hytteområde for folk frå Lindås. I tillegg er det mange som tek dagsturar til området for å nytte preparerte skiløypar. Laget har ei kostnad på kr 125.000 til løypekjøring. Dei søker Høyanger-, Masfjorden-, Lindås- og Gulen kommune om tilskot, då desse er dei største «hyttekommunane» i Stordalen.

Lindås idrettsråd har innstilt tilskot til kr 0, då dette er ein aktivitet utanfor Lindås kommune.

Tour Des Fjords

Tour Des Fjords er ei vidareutvikling av Rogaland Grand Prix som starta i 2008. I dag er det et internasjonalt etapperitt på sykkel med løyper frå Bergensområde via Hardanger, Haugesund og Ryfylke. Sykkelrittet er planlagt å gå gjennom den nordaustlege delen av Lindås, Romarheimsdalen før den svingar av mot Modalen på etappen Brekke-Norheimsund. Arrangementet går av stabelen i tida 24.-28 mai. Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 18 mill. Dei søker offentleg tilskot på totalt 7 mill.

NBK Aktivitet

NBK Aktivitet vart starta opp med ønske om å tilrettelegging for at barn skal få ein arena for fysisk aktivitet, utvikling og sosialisering. Prosjektet inneheld Aktivetsfritidsordning for elevar frå 1. til 4. klasse og Fotballfritidsordning for elevar frå 3. til 7. klasse.

Aktivetsfritidsordning skal ha tilbod om ballspel, turn, friidrett, hinderløype, turar i skog og mark, frileik osv.

Fotballfritidsordninga har aktivitet i større grad retta mot fotball med tilleggsfokus på samhald.

Det vert servert varm mat. Alle barn ved Knarvik barneskule og Alversund skule.

Prosjektet har ei kostnadsramme på ca 1.5 mill. Inntekt er anslått til ca 1,4 mill i kontingenget/deltaking og resten frå ulike stiftingar og off tilskot.

NBK Tine fotballskule

NBK arrangerer TINE fotballskule 18.-20. august. Det deltek ca 320 barn i alderen 6-12 år og det er ca 100 frivillige involvert. NBK si fotballskule er kåret til «Beste Tine fotballskule» i Hordaland blant 66 klubbar.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 56.500. Tiltaket har mulighet for inntekt.

NBK Stjernelaget

NBK har tilrettelagt tilbod for barn og vaksne med nedsett funksjonsevne. Dei kallar laga for *Stjernelaga* og dei spelar også i Stjerneserien til NFF Hordaland. Det vert arrangert Landsturering kvart år, og i år ønskjer Stjernelaget å delta. Pga ekstrakostnadar med ledsagere er pris pr/deltakar kr 10-12.000.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 107.000 som inkl 10 spelare m/ledsagere, reise/opphold.

NBK overnattingssamling

NBK har i fleire år arrangert ei overnattingssamling i Nordhordlandshallen for unge spelare som frå 13 år som skal frå «moderklubben» (Knarvik IL, Alvidra IL og Seim IL) til NBK. Føremålet er å bli kjende med kvarandre, trenare og skape samhald.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 21.500. NBK søker heile summen i kulturmidlar.

NBK Inkluderingsfond

NBK har oppretta ei inkluderingsfond som skal nyttas i samband med barn/unge som pga vanskeleg familieøkonomi, ikkje kan delta på cup'ar, treningsleir eller andre aktivitet som laget deltek på. NBK har ca 285 medlemmar i alderen 13-19 år.

Fondet skal ha kr 30.000 i kapital som dei søker Lindås kommune om i kulturmidlar.

INVESTERING

Lindås skyttarlag

Eksisterande ledslag for kulefang på 100 meter må saneras og byggas opp igjen. Det for å ivareta sikkerhet og miljø. Tiltaket har ei kostnadsramme på kr 60.500. Alversund klatreklubb

Alversund klatreklubb starta opp i 2016. Årsak var at mange frå Alversund område reiste til Lindåshallen for å klatre. Det er nå stifta ei klatreklubb som skal jobbe målretta mot klatrevegg i den nye hallen som vert planlagt bygget i Alversund. Ungdomsgruppa (13+) har ei fast kjerne på 15-20 deltagara.

Laget samarbeider med klatremiljøet på Lindås. Tiltaket har ei kostnadsramme på kr 45.000.

Alversund klatreklubb

Alversund Klatreklubb starta opp våren 2016. Bakgrunnen for dette var dels at det var mange frå Alversund området som drog til Lindås for å klatre, og dels at vi dei ville vere litt i forkant med tanke på at det var nye haller på gang i både Alversund og Knarvik. Klubben vart stifta som eit sjølvstendig idrettslag for å kunne jobbe målretta for å bygge opp eit godt klatremiljø, og for å jobbe for å få til eit skikkelig klatreanlegg i kommunen. Sjølv om klubben heite Alversund klatreklubb har dei eit regionalt perspektiv. Dei har inngått tett samarbeid med klatregruppene på Lindås og i Meland.

Dei søker midlar til kjøp av utstyr.

FIL AKS-77

For å kunne forbetre dagens aktivitet og tilbod til barn/unge ønskjer FIL AKS-77 å installere trådlaus mobilt fotoceller som målar toppfart og løps kapasitet. I tillegg ønskjer laget fallskjerm til løpetrenings som aukar eksplosiv styrke og hurtigkeit.

Tiltaket har ei kostnadsramme på kr 39.000

Lindås turlag

Lindås turlag ønskjer å utvide parkeringsplassen til turvegen på Kolåsfjellet. Dagens parkeringsplass er for liten (8-10 bilar) til å ta unna dei som ønskjer å nytte turvegane. Etter utvidinga vil parkeringsplassen romme 16-18 bilar samstundes.

Tiltaket har ei kostnadsramme på kr 35.000. Grunneigar har avgitt gratis tomt til tiltaket.

3750 KULTURVERN- OG SAMLINGAR

Til disposisjon kr 205.000

Rådmannen si framlegg kr 205.000

Totalt er det søkt om kr 375.140. I rådmannen si framlegg ligg det føre eit forslag om kr 205.000. Dette utgjer ca 55% av den totale sum det vert søkt om.

Kategori	Søknadssum	Rådmannen si framlegg
Drift	177.000	101.000
Aktivitet/prosjekt	143.140	77.500
Investering	55.000	26.500
TOTALT	375.140	205.000

DRIFT

Lindås sogelag

Lindås sogelag arbeidar for å samle, ta vare på og gjera ålment kjend og tilgjengeleg alt tilfang som har å gjere med ålment soge, gards og ættesoge, levevis, folkeminne, stadnamn og mål i Lindås kommune.

Ekneshågens venner

Ekneshågens venner (EV) er ei ideell organisasjon med føremål å skapa og driva kultur og aktivitet i Ekneshågen. EV har sp mål å gjenskapa staden og området som sosialt møteplass for bygdefolk, ferierande og tilreisande. I 2017 skal EV delta med arrangement i Kystsogevekene. I tillegg arrangerer dei Ekneshågdagane, bokcafé, «julekai» osv.

Bygdeboknemnd for Lindås sokn

Lindås bygdeboknemnd arbeidar med lokalhistorie for Lindås område. I 2017 planlegg dei å fortsetje arbeide med å interviewe menneske i bygder og med tema som det er lite info om frå før. Dei skal jobbe vidare med biletessamlinga. Dei skal jobbe vidare med folk som har delteke på slektsgranskingskurs som bygdeboknemda har arrangert, samt utvikle heimesida. Nemnda jobbar også med å rekruttere nye medlemmar, og har fått nokre nye allereie i 2017.

Nordhordland husflidslag

Drifter Husflidens Hus i Hillesvåg. Gratis barneaktivitet på sine arrangement. Arbeidar med opptrykking av rekonstruerte rose mønster for belte og bringeduk. Arbeide med ull-aktivitetar for barn- og unge.

AKTIVITET/PROSJEKTTILSKOT

Forprosjekt Kristi Ane Vev

Kristi Ane Vev har saman med m.a. Rannveig Reigstad i Nordhordland husflidslag og biletkunstnar Elin Alver, busett i Knarvik, har teke initiativ til ei bok om åkle frå Nordhordland. Dei ønskjer å presentere gamle skikkar og arbeidsmetodar og ser på bråkvitlane (som er typisk åkle frå Nordhordland) som eit viktig kulturminne som må takast vare på for framtida.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 150.000. Radøy og Austrheim kommune har gjeve avslag på søknaden. Meland kommune har støtta prosjektet med kr 15.000 via ordførars budsjett, ikkje via kulturmildane.

Nordhordland frie vikingar

Nordhordland frie vikingar jobbar med immateriell kulturvern og eksperimentell arkeologi, levande historieformidling av vikingtid og tidleg middelalder. Laget har fokus på historisk handverk og ferdigheter, samt å formidle kunnskap om dagleliv i denne perioden. Nordhordland frie vikingar arrangørar marknad på Lyngheisenteret .

Tiltaket har ei kostnadsramme på kr 27000 og er eit samabeid med Lyngheisenteret.

Vidar Lehmann

Vidar Lehmann har saman med m.a. folkekulturformidlar Anette Thorsheim og fotograf Hans K. Bukholm frå Hordamuseet, jobba fram ei utstilling med bilete frå Osterfjorden som ikkje tidlegare har

vært publisert. Mange av bileta er tekne av Knut Moe på byrjinga av 1900-talet, og synar folk i bygdene langs Osterfjorden i dagleglivet.

For å slutføre bileta og klargjere dei for utstilling, har prosjektet ei kostnadsramme på kr 16.000.

Audhild Fosse – Aslaug Låstad Lygre

Audhild Fosse frå Lindås er ei stor kjennar av lyrikaren Aslaug Låstad Lygre (1910-1966). Ho har m.a. skrevet «Det raude sjålet», ei teaterframsyning om livet til Aslaug basert på diktinga hennar. Ho samarbeider nært med musikaren og skodespelar Linda Fosse frå Alversund. Dei har planar om å

1. gjere lyrikken til Låstad Lygre meir brukarvenleg ved å kople tekst/melodi (der det fins).
2. gjera til at all dikta/songane/visene vert brukt og slik leve vidare
3. gjera lyrikken til Låstad Lygre sitt liv og diktning kjent/visa fram dokumentera denne delen av kulturarven i regionen vår.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr. 101.140. Prosjektet er omfattande og vil kunne gå over 2 år med mulighet for å søke kulturmiddlar i 2018.

Mongstadtreff 2017 – 45 år etter

I 2017 er det 45 år sidan dei som budde på Mongstad måtte flytta frå heimbygda si. Storsamfunnet hadde utpeikt staden som industriområdet for Statoil Mongstad. Det er no danna ei komité som ønskjer å markere at dette i år er 45 år sidan dette skjedde. Om lag 250 personar har meldt si interesse for å vere med på markeringa.

Tiltaket har ei kostnadsramme på kr 180.000.

Hardanger Spelemannslag

Hardanger spelemannslag stod som tilskipar av Hordamønstringa 2017. Samlinga samla rundt 75 deltakare i spel, song og dans frå heile fylket. Hordamønstringa vert skipa kvart år, og mønstringa alternerer mellom laga i Hordaland fylkesmusikklag. I 2017 var det Hardanger Spelemannslag som var lokal tilskipar.

INVESTERINGAR

Alversund grendalag

Alversund grendalag har restaurert bautaen ved kyrkja. Namnane på bautaen var begynt å bli utslette og dei har kontakta profesjonell hjelp for å setje steinen i stand igjen. I tillegg jobbar dei med å få opp info tavler i området rundt kyrkje, skulen og på Tveiten.

Tiltaket har ei kostnadsramme på kr 13.000

Lindåsparken – Kyrkjeparken

Kyrkjeparken på Lindås er eit eit dugnadsprosjekt som ble opna av dåverande fylkesmann Svein Alsaker i 2002. I alle åra etterpå har «Vangsgutane» (6 pensjonistar på Lindås) teke seg av vedlikehald av parken. Dessverre ble parken utsett for hærverk i vinter. Lysarrangementet er øydelag og må erstattast. Kostnadsramma for dette er ca kr. 15.000. All arbeidet blir gjort på dugnad.

Vegard Eide – Roparhaugsamlinga

Vegard Eide er 25 år og frå Fammestad. Han er engasjert i lokalhistorie og har dei seinare åra engasjert seg i forhold til Roparhaugsamlinga. Han har som mål å utvikla og bevare

Roparhaugsamlinga si immaterielle kulturarv. Han er i tillegg til lærar, også musikar. Han har hatt nokre intimkonsert på Roparhaugsamlinga. Eide har på ein måte revitalisert Roparhaugsamlinga lokalt i bygda. Gjennom dette prosjektet ønskjer han å leggje betre til rette for besøkjande (skuleklassar) for å syne fram historie, bilete og anna knytt til kulturbrørne Karl, Johan og Nils Øvretveit.

Prosjektet har ei kostnadsramme på kr 40.000.

3850 ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Til disposisjon kr 230.600

Rådmannen si framlegg kr 213.600

Kategori	Søkt	Rådmannen si framlegg
Drift	174.500	70.100
Aktivitet/prosjekt	50.000	6.000
Investering	731.600	137.500
Totalt	956.100	213.600

Det er totalt sendt søknad om kr 956.100 i tilskot. I rådmannens si framlegg til kategori «Andre kulturaktivitetar», er det forslag om kr 213.600. Dette utgjer ca 22,5% av søknadssum.

I denne kategorien finn ein mange lag som har eigne lagshus. Mange av desse har gamle bygg som er kostnadskrevjande å halde ved like. Gjennom årets søknadsmasse ser vi det er behov for skifte/oppgradering av e-anlegg, skifte av kjøken, tak og liknande. Som det fremgår av oversikten, er det søkt om totalt kr 731.600 til investering. Rådmannen si framlegg har eit forslag på kr 137.500.

DRIFT

Kvart lag får tildelt kr 3.000 i grunntilskot. I tillegg får dei kr 50 pr/medlem under 19 år og kr 25 pr/medlem 19+.

AKTIVITET/PROSJEKTTILSKOT

Hørselhemmedes landsforbund, Nordhordland (HIF)

Hjelp og rettleiing til menneske med nedsett hørsel – info kampanje

Lindås revmatikerlag

Det søkas midlar til trening i varmtvassbasseng på LOAS.

Søknaden er identisk med søknad om driftstilskot (tilskotsnr SDU4PD og H4QM78), og er difor innstilt på avslag.

Psykiatrien Venner

Psykiatriens Venner jobber for å etablere tiltak retta mot menneske som slit med psykiske problem. I år planlegg dei tur til fjells, til høyfjellshotell. Målet er å vere sosiale saman med andre og dele felles opplevingar.

INVESTERINGAR

Vestre Vassbygd grendahus

Vestre Vassbygd grendahus er 101 år gamalt. Det har dei siste åra gjennomgått ei større oppgradering/renovering. No vert det arbeid med utskifting av kjøkken frå 1970/80 talet. Kjøkkenet er lite og må utvidas. Laget har arrangert påskelotteri og basar til inntekt for prosjektet.

Romarheim indremisjon

Romarheim indremisjon held på å bygge på bedehuset for å få eit handicaptoalett, eit lite kjøkken og ei bod. Då bedehuset vart bygd i 1977 var det ikkje krav om eige handicaptoalett. Huset er mykje brukt, og ein ser at det er behov for eit slikt toalett. Huset er på to etasjar, der kjøkken og toalett er i kjeller og møtesal i andre etasje.

Samfunnshuset Haugatun

Samfunnshuset Haugatun er eit frivillig, ideelt og samfunnsnyttig føretak eigd av lag og private i Lindåsbygda. Føretaket sitt føremål er å eiga og driva eit forsamlingshus.

Hausten 2015 starta ein arbeidet med omlegging av inntak for straumforsyning frå luft til kabel. Det vart også satt i gang arbeid med utbetring av kloakk. I samband med arbeidet vart det avdekt omfattande feil og skadar. Styret i Haugatun fekk pålegg frå Lindås kommune og frå e-verket om arbeid knytt til kloakkutbetring og el-arbeid. Dette var utgiftar (ca kr 146.000) som kom i tillegg til allereie planlagt arbeid.

Samfunnshuset Haugatun

Samfunnshuset Haugatun er eit frivillig, ideelt og samfunnsnyttig føretak eigd av lag og private i Lindåsbygda. Føretaket sitt føremål er å eiga og driva eit forsamlingshus.

Samfunnshuset Haugatun er eit eldre bygg som etter kvart krev større oppgraderinger. Det blei gjennomført pålagte arbeid på det elektriske anlegg samt kloakkanlegget i 2016. No gjenstår ein del nødvendige, men ikkje pålagte oppgåver.

Lindås indremisjon

Utskifting av takvindauger i Lindås bedehus. Huset har to jerninnramma vindauge som er frå huset var nytt i 1928, montert i skifertaket. Desse er modne for utskifting då dei er i dårlig stand. I tillegg er det enkle ruter som er sårbare for lekkasje, og gjev dårlig isolasjon

Holy Riders MC Nordhordland

Holy Riders MC Nordhordland er ei kristen MC klubb, tilknytta Holy Riders MC Norge. Klubben gjev tilbod til unge som har lyst til «ås kru litt og prate motor».

Klubben skal pusse opp lokale sine. Dei planegg å skifte vindauge i 2017.05.05

Stranda bygdelag

Stranda bygdelag overtok den gamle skulen på Stranda. Det fungerar i dag som forsamlingslokalar for bygda. Lokala til Stranda bygdelag har fått store lekkasjar i gymsalen og i dei nye totalletene. Delar av taket må skiftas. Dei har innhenta fagfolk som seier at heile taket må skiftast. Dei har no innhenta tilbod – kr 370.000.

3770 KULTURFORMIDLING OG MUSIKK

Til disposisjon	kr 613.000
Rådmannen si framlegg	kr 629.500

Kategori	Søkt	Rådmannen si framlegg
Drift	851.500	398.500
Aktivitet/prosjekt	454.800	160.000
Investering	250.000	71.000
Totalt	1.556.300	629.500

Det er totalt søkt om kr 1.556.300. I rådmannen si framlegg, er det eit forslag om å løyve kr 629.500. Dette utgjer ca 40,5% av søknadssum.

Drift

Driftilskot er rekna utfrå følgjande grunnlag

Kategori	Grunn tilskot	Tilskot under 19 år	Tilskot over 19 år	Merknad
Korps	40.000	300	125	
Vaksenkorps	8.000	250	150	
Vaksenkor	5.000	200	125	
Anna	0	100	50	Strilen Artist og viseklubb

AKTIVITET/PROSJEKT

Osterfjorden Sokn

Koret Te Deum feirar 10 årsjubileum. Koret er eit vaksenkor. Dei arrangerer konsertar, turar og deltek på ulike arrangement. Dei planlegg ei større markering av jubileet i 2017.

Seim songkor – Påskekonsert i Knarvik kyrkje

Kjersti Wiik med William Kay, Hildegunn S. Sylta og Seim songkor arrangerte konsert i Knarvik kyrkje påsken 2017. Det vart framført påskerelatert sakral musikk .

Eikanger Bjørsvik musikklag

Eikanger-Bjørsvik musikklag vart som norgesmeister i 2016 invitert til å representer Norge i europameisterskap for brass band i Oostende, Belgia 28.-29. april 2017.

Eikanger-Bjørsvik har delteke i EM 20 gongar tidlegare og har imponerande to første, fem andre og to tredje plassar som beste resultat.

Eikanger-Bjørsvik har eit budsjett på kr 590.000 for deltaking i EM.

Eikanger-Bjørsvik musikklag vart Europameister for brass band i april 2017!

Lindås songlag

Lindås songlag er eit aktivt blandakor, heimehøyrande på Lindås. Koret har dei siste åra hatt eit stort fokus på samarbeidsprosjekt med andre. I år skal dei delta på Lindås ungdomslag si oppsetting av «Spelemann på taket». Vidare skal dei arrangere julekonsert i Lindås kyrkje med innleidde artistar frå distriktet.

Alversund musikklag

Alversund musikklag er eit amatørkorps for janitsjar for ungdom og vaksne i alderen 15-70 år. Det er ei utfordring å rekruttere til janitsjarkorps i Nordhordland. Alversund musikklag skal difor i 2017 satse målretta på arrangement i distriktet for å synleggjere korpset. Dei planlegg fleire lokale konsertar, i tillegg til å delta i regionale og nasjonale konkurransar. Som del av profileringa skal dei gå til anskaffelse av profileringsutstyr, hettegenserar og liknande. I tillegg satsar korpset på kompetanseheving. Det vert innleidd profesjonelle instruktørar på seminar i korpset.

Skodvin skulemusikk

Skodvin skulemusikk har eksistert i over 40 år. Dei ønskjer å bidra til ei fortsatt utvikling av korpsmiljøet i Nordhordland. Dei ønskjer difor å satse på ei utviklingspakke som inneholder følgjande;

1. Utvikling av turne og konsertrepetoar
2. Gruppeundervisning med instruktør
3. Øvingshelg med Eikanger-Bjørsvik
4. Konsertserien «Lytt og lær» der dei inviterer amatørkorps og skulekorps i nærområdet til samkonsertar
5. Programmet «du inspirerer» - utvikling av gruppeleiare som rollemodellar

Alversund kammerkor

Alversund kammerkor er eit blanda kor som framføra verkar og songar av sakral og profan art. Koret skal framføre Requiem av Wolfgang Amadeus Mozart i Knarvik kyrkje.

Stian Sylta

Stian Sylta er manager og gitarist i «Sons Of Vanity». Dei er eit band med lokal forankring. 3 av 6 medlemmar er frå Lindås kommune. Bandet søker tilskot til plateinnspeling og utgjeving. Levekårsutvalet har ikkje praksis på å gje tilskot til plateinnspeling.

Songlaget Alvidt/Manger

Songlaget Alvidt/Manger har 30 års jubileum i 2017. Dei planlegg ei konsert med Arne Bøe, tidlegare vinner av Medaasprisen. Saman med bandet Himmel og Hav, skal koret syngje saman med dei på konsert. Dette vert del av Kystsogevekene, med det lokale kystkulturen i sentrum.

Heilt Originalt

«Heilt originalt» på Lindås står bak «Sjøparken» i Lindåsosane. Dette er ei kunstutstilling på holmar, naust og bergveggar i Lindåsosane og sjøområdet innom Lindås sjøslusar. Kvart år vert utstillinga supplert med eitt nytt verk, og årets bidragsytar er Henry Fanebust, Vågseidet. Ein kommer seg til Sjøparken sjøvegen.

Musikkens Venner Nordhordland

Musikkens Venner Nordhordland har som mål å arrangera konserter med lødig musikk og høg kvalitet. I 2017 er det planlagt ei rekke konserter kring i distriktet

Reidar Konglevoll

Søknaden frå Reidar Konglevoll er todelt.

1. utvikling av jazzen frå 1930, 1940 og 1950 talet med tekstar på strilamål (kr 25.000)
2. plateinnspeiling for å spreie jazz på strilamål (kr 120.000)

Levekårsutvalet har ikkje praksis på å gje tilskot til plateinnspeiling, men det er mogeleg å støtte tiltaket om utvikling av tekstar på strilamål.

Strilen Artist- og Viseklubb

Gjennom låtskrivarkurs og talentkonkurranse tek Strilen Artist- og Viseklubb mål av seg til å bidra til å rekruttere unge som ønskjer å drive med musikk. Målet er å få etablert en fast aktivitet med en scene for og drevet av 15-25 åringer.

Oster Brass

Oster Brass rykka ned frå 1. til 2. divisjon i 2016. Målet for 2017 er å kvalifisere seg til 1. divisjon igjen. For å kunne gjennomføre dette og oppnå målet om å vere eit 1. divisjonskorps, ønskjer dei å arrangere ein inspirasjonsdirigent som kan løfte det musikalske nivået til korpsset ytterligare.

Strilen Artist og Viseklubb

Strilen Artist og Viseklubb har fått støtte frå m.a. Lindås kommune, UDI og Frifond til å arrangere e integreringsprosjekt retta mot unge asylsøkjarar på Vågseidet. Mottaket er nå nedlagt.

Strilen Artist og Viseklubb

Strilen Artist og Viseklubb har planar om å flytte si verksemeld ut til publikum. Dei ønskjer å spele på institusjonar (sjukeheimar), offentlege stadar (bibliotek, rådhus, butikkar/kjøpesenter) i organisasjonar og klubbar og elles andre stadar folk ferdes. Ved å spele for eit publikum, vil medlemmane kunne utvikle seg som musikarar.

INVESTERING

Alversund musikklag

I samband med stormen i januar 2016 løsna ein del takstein på lagshuset på Alverflaten. Sjølv om dette vart dekt til så godt ein kunne, oppstod det lekkasje. Fagfolk har vurdert skadene, er det anbefalt å skifte heile taket.

Skodvin skulemusikk

Skodvin skulemusikk har skrevet eit dikt til Levekårsutvalet for å få tilskot til ei ny bariton

I korpsset på Skodvin me har eit problem. For uansett øving da let ikkje pent

Problemet er fanga, me kjenner dets sone

Det manglar ein flunkande ny baritone

Det gamle er ubrukt og gammalt og grått

Passer no best på museumet vårt.

Baritonisten er gladjento vår, men slit – ho kun sure toner får

Med draumar om musikk som saman me skapa

Og baritonsolo og nyinnkjøpt kaka

Musikantane krysser no fingrer og tær

Og håper på at det heilt store skjer

Kjære Lindås kommune gi oss nydelege toner

Ved å sponsa oss her ute med ny baritone

Oster brass

Søkjar midlar til inspirasjonsdirigent. Er identisk med søknad om aktivitets/prosjektilskott.

Oster Brass

I 2016 begynte arbeide med å skifte ut korpsuniforma frå ei enkel stil til noko meir som gjev musikantane eit meirtydeleg preg på kva for korps dei er medlem av. Skifte av uniformer er eit stort løft, og korpset søker difor midlar i 2017 for å gjennomføre prosjektet.

2310 BARN OG UNGDOM

Til disposisjon: **kr 408.000**

Rådmanne si framlegg: **kr 341.100**

Kategori	Søkt	Rådmannen si framlegg
Drift	122.000	103.100
Aktivitet/prosjekt	69.000	36.000
Investering	630.650	202.000
Totalt		341.100

DRIFT

Vi har nytta følgjande utrekning ved tildeling av driftsmidlar.

Kategori	Grunnstønad	Under 19 år	Over 19 år
Drift	4.000	300	100

I utgangspunkt blir satsane over brukt ved tildeling driftsmidler. Ein må imidlertid ta omsyn til budsjett og søknadssum. Summene i rådmannen si framlegg kan difor vere lavere enn desse satsane skulle tilsei.

AKTIVITET/PROSJEKT

Lindås ungdomslag

Ungdomsgruppa i laget (alder 13-18 år) setter i vår opp eit sjølvskrevet stykke kalla "Bryllaup i eventyrland". Dette er eit stykke som blandar norske folke eventyr og velkjente Disney figurar. Stykket visar gamle tradisjonar og unge prinsesser som kanskje ikkje ønskjer å følgje alle krav som blir satt til dei. Stykket blir vist i Haugatun samfunnshus 17. mai.

Dei unges festspeldag

Lindås kulturskule er medarrangør av De unges festspilldag som arrangeres som del av Festspela i Bergen. Mange av kulturskulene elevar får opptre på profesjonelle scener med profesjonell lyd/lys.

Eikanger/Bjørsvik musikklag – Feriespel

Feriespelet samlar rundt 100 unge musikantar frå skulekorpsa i Nordhordland, Bergen, samt nokre få som reiser lenger. Desse er samla i fire dagar og får då undervisning både i grupper og i samlingskorps, av høgt kvalifiserte instruktører som gjer dette arbeidet på dugnad. Dette gjev minner for livet og inspirasjon til øving - som igjen gjev ei oppleving av meistring og glede over hobbyen. Feriespelet vert i år arrangert for 20. gong, I år vert samlinga arrangert på Knarvik Ungdomsskule, Knarvik VGS og Knarvik Kyrkje i tillegg til musikkhuset i Knarvik.

Edru livsstil Nordhordland

Edru livsstil Nordhordland ønskjer å arrangere salsa-kurs. Dette for å gjøre ungdom trygg i dans, og dermed vere førebyggande for rusmidlar. Kurset er open for alle og skal gå over 6 kveldar

INVESTERINGAR

Lekeplass i Krossleitet, Lindås

Opprusting av lekeplass som følge av generell slitasje på lekeapparater saman med auka andel av barn i feltet.

Lindås ungdomslag

Laget ønskjer å bruke våren til å oppgradere storsalen og garderoben i Haugatun. Det vil bli skifta scenetepper, malt vegger, skifta lampetter, sett på akustikk, mm. Dette er fordelaktig både for laget som får ein betre sal til førerstillingar, men også for huset og bygda. Dei vil få ein sal som egnar seg betre til utleige til diverse arrangement

Ungdomslaget Heimhug

Lagshuset er godt brukt, men vert jamleg sett til og stelt med då huset har både reinhaldslistar som går på dugnad og eit eiga husastyre som tek seg av vedlikehald. Golvet har vore slitt ned og lakka på nytt fleire gongar, men då dette vart gjort sist gang fekk dei beskjed at dette var den siste gongen dette kunne gjerast på grunn av tjukkelsen som er att i tregolvet- neste gong måtte golvet bytta ut. Golvet er no slitt og det vert for omfattende å gå laus på utan fagkyndig hjelp. Styret har henta inn tilbod frå lokal trelastvarehandel, og fått eit prisoverslag og ei anbefaling frå dei - det eksisterande golvet må demonteras, bjelkelag må avrettas og så må nytt golv leggast.

Når styret leiger inn fagfolk til oppgradering av huset ynskjer dei samstundes å lage ei rampe ved inngangsparti slik at huset ved meir tilrettelagt for rullestolbrukarar.

Ungdomslaget Heimhug

Revygruppa treng sårt å oppgradere utstyret. Dei ynskjer å kjøpe myggmikrofonar (noko dei ikkje ikkje pr.dags dato) nytt bak-sceneteppe då det gamle er rakna i saumane fleire stader, samt sminkebord med speil og lys. Revylaget er veldig aktiv på Hjelmås.

Ungdomslaget Nybrot

I ungdomshuset Dalheim har dei eit utleige-lokale som me kallar "peisestova". Kjøkkenet som er tilknytta denne delen av huset har lenge vore modent for utskifting og oppgradering. Det er lite funksjonelt og ikkje lenger etter dagens standard når det gjeld innreiing og hygiene. Ungdomslaget vil gjere noko med dette i 2017, og arbeidet er allereie påbegynt. Utleige av "peisestova" gjev grunnlag for ei viktig inntekt for laget, og dei ynskjer å vere attraktive for moglege leigetakrar ved at lokalet inkludert kjøkkenet er etter dagens krav og standard.

Liv og Lyst Lindåsbygda

Denne søknaden omfattar to av tiltaka det arbeidast med i LivOgLyst Lindåsbygda. Dette er;

1. Klartreløype/ møteplass på Kolåstoppen Kolåstoppen er ei svært mykke bruk turløype sentralt på Lindås. Denne er lett tilgjengeleg både for fastbuande og tilreisande. Det pågår no frivillig arbeid med å oppgradere løypa, blant anna med å rydde og skilte betre. Gjennom å tilføre løypa utfordringar for den yngre garde, håpar dei å gjere ho meir attraktiv for denne gruppa. I tillegg ynskjer dei å tilrettelegge for bålpass/ samlingsplass i same området, slik at den kan nyttast til fleire føremål. Vi håpar at dette kan verte ein kjekk møteplass i det fri både for unge og gamle.

2. Etablering og drift av Ungdomsklubb på Lindås i alderen 13-19 år

På allmøte for ungdommen kom det blant anna fram eit sterkt ynskje om engeplass/Ungdomsklubb. Per i dag er det ikkje eit slikt fast tilbod i bygda, og mange heng dermed på Senteret, noko som ikkje alltid er like populært. Ei entusiastisk gruppe ungdommar har derfor sidan seinhausten 2016 jobba mot og planlagt oppstart av ungdomsklubb. I det innleiande arbeidet har også aktivitetskoordinator frå Lindås Asylmottak vore med. Asylmottaket er no lagt ned, men det vert jobba vidare med tilboden.

Amcar Nordhordland

Amcar Nordhordland ønskjer å etablere en åpen kaffe for alle motorinteresserte i klubbløkalet, der dei ønskjer å trekke til seg ungdommer som er bil og motorinteresserte. Amcar Nordhordland har hatt et ønskje over lang tid der dei ønskjer å starte eit fellesskap sammen med ungdommer. Bilen skal demonteres heilt ned, slik at dei i fellesskap kan restaurere bilen til tipp topp stand. Bilen vil bli vist fram i kommunen i lag med dei som har bygd bilen.

Hilland Velforeining

Grunna råte og då stor fare for skade på barn vil dissestativet verta fjerna på dugnaden i april. Velforeininga vil gjerne setje opp eit nytt dissestativ på same staden. Dissestativet vil bestå av to disser.

Orresteinen Sameige

På eiendommen har dei ei lekeplass som er flittig brukt både av sameiets beboere og av hele feltet rundt. Dette er et naturlig samlingspunkt for mange barnefamilier der barn som går i samme barnehage, samme skole eller er naboor leker fritt sammen. Det er fokus på at alle skal føle seg velkommen. Flere ganger bruker også Juvikstølen barnehage denne lekeplassen når de er ute og går på tur. Nå ønsker sameige å oppgradere lekeplassen i tillegg til å ha dugnad med vedlikehold.

Pinsemenigheten Betania

Skal bygge uteplass som kan nyttas til aktivitet heile året

Juvikstølen velforening

I velforeininga er det slik at dei som bur nærmeste friområde/leikeplass har "ansvaret" for dei nærmaste leikeplassane.

og friområda. No er det ei gruppe som har tatt initiativet til å bygga ei grillhytte på friområdet, til bruk av dei som bur her, men grillhytta er også meint å vera tilgjengeleg for barnehage/skule, som turmål og leikeplass, anten open eller med ei ordning på nøkkelen.

.....

Vedlagte saksdokument:

2310 Barn og unge	167700	18.05.2017
3750 KULTURVERN OG SAMLINGER	167701	18.05.2017
3770 KUNSTFORMIDLING OG MUSIKK	167702	18.05.2017
3800 IDRETT 2017	167703	18.05.2017
3850 ANDRE KULTURAKTIVITETER	167704	18.05.2017
Uttale vedk kulturmidlar 2017	167705	18.05.2017
Uttale på fordeling av kulturmidlar 2017 - framlegg frå rådmannen	167721	18.05.2017

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost